

# Informasjon til våre kundar

Spørsmål og svar, februar 2019

## **1. Etter at BKK tok over Etne Elektrisitetslag i 2018 lurer eg på om nettleiga no er høgare eller lågare enn tidlegare?**

Svar: Frå og med 5. november 2018 er det BKK si nettleige som gjeld og den er lågare enn nettleiga i tidlegare Etne Elektrisitetslag. Både fastleddet og nettleige pr kilowatttime (kWh) har gått ned. For privatkundar er det årlege fastbeløpet 2 050 kroner, og prisen per kilowatttime (kWh) 42,475 øre. Ei undersøking i januar 2019 visar at BKK har mellom dei lågaste nettleigene i Noreg. Dersom du vert avrekna etter effekt (hovudsikring større eller lik 125 A) eller har andre tariffar, finn du informasjon om den nye nettleiga på våre nettsider [www.bkk.no](http://www.bkk.no).

## **2. Straumkundar i Etne som hadde Etne Elektrisitetslag som straumleverandør, fekk Fjordkraft som ny straumleverandør. Er den straumavtalen eg hadde i Etne Elektrisitetslag endra etter at eg vart kunde i Fjordkraft?**

Svar: Som kunde i Fjordkraft fekk du den same straumavtalen som du har hatt tidlegare. Den einaste endringa er at du no får fakturaen frå Fjordkraft. Fakturaen frå Fjordkraft gjeld no både nettleige og straum. Dermed får du framleis berre ein faktura. Dersom du vil veta meir om straumavtalen din, kan du ta kontakt med Fjordkraft (sjå [www.fjordkraft.no](http://www.fjordkraft.no)).

## **3. Må eg framleis lesa av straummålaren?**

Svar: Dersom du måtte lesa av straummålaren din som kunde i Etne Elektrisitetslag, så må du framleis gjera det. Vi jobbar for at alle målarane skal bli lest av automatisk, men er ikkje heilt i mål med dette enno. Målarstanden er grunnlaget for din faktura.

## **4. Kor kan eg ringa for å få hjelp til kundeforholdet mitt i BKK?**

Svar: Du skal framleis ringa tlf. 53 77 11 55 som er nummeret vårt i Etne. Du kan og koma innom oss, eller du kan sende oss e-post på adressa [etne-kundekontakt@bkk.no](mailto:etne-kundekontakt@bkk.no).

## **5. Kor skal eg melda inn straumbrot?**

Svar: Inntil vidare kan du melda inn straumbrot som skjer i Etne slik som tidlegare. På dagtid kan du ringa 53 77 11 51. Etter kl 15.00 ringjer du 991 59 880.

## **6. Korleis er forsyningstryggleiken og beredskapen lokalt i Etne etter at BKK tok over drifta av straumnettet?**

Svar: BKK skal syta for ein beredskap i Etne som er minst like god som den var i Etne Elektrisitetslag. Vi har vidareført vaktordninga som Etne Elektrisitetslag hadde. Vert det naudsynt i særskilde høve, kan vi og styrka beredskapen med fleire ressursar.

## **7. Kva skjer med fiberverksemda?**

Svar: Fiberverksemda i Etne held fram, men no i eit felles selskap med tidlegare Tysnes Breiband. Det nye selskapet heiter BKK Breiband. Vi leverer framleis Altibox til kundane våre, og vi held fram med å byggja ut fiber til nye område.

#### **8. Kor kan eg ringa for å få hjelp til kundeforholdet mitt i BKK Breiband?**

Svar: Du skal framleis ringa tlf. 53 77 11 55 som er nummeret vårt i Etne. Du kan og koma innom oss, eller du kan sende oss e-post på adressa [breiband@bkk.no](mailto:breiband@bkk.no).

#### **9. Vi ynskjer å søkja om økonomisk støtte frå dei særskilde sponsormidlane som BKK har lova lokalsamfunnet i Etne. Korleis går ein fram for å søkja?**

I november i fjor lanserte vi sponsorordninga med søknadsfrist 24. november. I desember tildelte vi 500 000 kroner til lag og organisasjonar i Etne. For 2019 støttar vi Etne-samfunnet med 150 000 kroner. Søknad skjer elektronisk. Søknadsskjema finn du på [bkk.no/etne](http://bkk.no/etne). Søknadsfristen er 20. juni 2019. Tildelinga er planlagt til hausten 2019. På Facebook-sidene til Etne Elektrisitetslag og BKK finn du omtale og av sponsorordninga og link til søknadsskjemaet. Det er styret i Etne Elektrisitetslag som avgjer kven som vert tildelt støttemidler.

#### **10. Vi ynskjer å søkja om nye draktsett frå BKK. Korleis går ein fram for å søkja?**

Svar: Fristen for å søka draktsett for 2019 har no gått ut.

BKK gir ut årleg drakter og idrettstøy til aldersbestemte klassar innan fotball, handball, basket og volleyball. Det er også mogleg å søkja om idrettstøy til andre sportsgreiner. Følg med på våre nettsider [www.bkk.no](http://www.bkk.no) og Facebook for ny søknadsfrist for 2020.